

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE - GULEN - LINDÅS - MASFJORDEN - MELAND - RADØY

MELAND KOMMUNE	
Rådmannskontoret	
-7 JULI 2006	
L.nr. 06/8068	Saksh. KAI
Ark. 044.4	Kass.
Saksid. 04/2099-9	

Liv Hopland van der Kooij

Hopland
5918 Frekhaug

Dykkar ref.

Vår ref.
2006/2337 - 2250/2006

Saksbehandlar - tlf.
Grethe Elin Mjelde - 56 37 57 70

Arkivkode

Dato
05.07.2006

GODKJENNING AV LITA-GOD FAMILIEBARNEHAGE ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULER

Saksutgreiing:

Miljøretta helsevern viser til søknad om godkjenning etter *Forskrift om miljørettet helsevern i skoler og barnehager m. v.*

Kommunen sitt søknadsskjema er nytta.

Familiebarnehagen består av 2 grupper med maksimalt 10 barn over 3 år. Er fleirtalet av barn under 3 år, må talet på barn reduserast.

Vurdering:

Søknad om godkjenning av Lita-god familiebarnehage er godt dokumentert og i samsvar med krav i forskrifta.

Tilsyn:

Med bakgrunn i søknaden gjennomførte teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn ved Lita-god familiebarnehage den 05.07.2006. Eigar Liv Hopland van der Kooij møtte for verksemda.

Manglane som vart påpeika under vurderinga av husværet den 09.03.2006 har vorte utbetra, med unntak av gjerde rundt området. Fagfolk var i gang med å sette opp gjerde rundt eigedomen, og det vart lova ferdig til oppstart av familiebarnehagen. Tørkehus som tidlegare var ønska til leikehus, har ikkje vorte ordna. Tørkehuset skal ikkje nyttas til leikeområde for barna.

Postadresse:
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalste

Besøksadresse:
Nordhordlandshallen Knarvik

Telefon: 56 37 50 00
Telefaks: 56 37 50 01

Bankkonto: 7413 05 01005
Organisasjonsnr: 935 084 733

VEDTAK:

Etter delegert mynde frå MELAND kommune, vert Lita-god familiebarnehage godkjent etter *Forskrift om miljørettet helsevern i skoler og barnehager m. v.*

Godkjenninga vert gjeve etter tilsyn den 05.07.2006


Oppsetting av gjerde og porter vil vera aktuell å ettersjå ved neste tilsyn.

Dersom familiebarnehagen vert flytta eller endra utan at MELAND kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.


Vedtaket er heimla i Lov om helsetjenesten i kommunene § 4a-4 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler mv. § 6.

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til MELAND kommune, og må verte sendt via Miljøretta helsevern – Lindås kommune.

Med helsing



Tord Moltumyr
Kommuneoverlege



Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

✓ Kopi til:
Rådmann, Meland kommune
Komité for helse og velferd
Komm. avd for kultur og oppvekst/barnehagekons.
Kommunalavdeling for helse- og sosialtenester
Kommunelege Tord Moltumyr
Leiande helsesøster
Miljøretta helsevern v/ Grethe Elin Mjelde, Postboks 55, 5902 Isdalstø